- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2016 – Hornindal kommune, datert oktober 2012.
- Forslag forvaltningsrevisjonsprosjekt i Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 i kommunane Eid, Gloppen og Stryn.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 024/11 og 17/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Hornindal kommune for perioden 2012 – 2016.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
 1. Saksutgreiing og avgjerdsmynde i Hornindal kommune.
 - 2.
 - 3.
 - 4.
 - 5.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2012 - 2016- HORNINDAL KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2016..

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgang altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenesteområda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalsmøte 06.09.2012 i sak 017/12 ”Overordna analyse” vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – evaluering (grunnskule).
- Barneverntenesta (helse- og sosial).
- Brann- og beredskapstenesta (teknisk).
- Leiing og styringssystem – saksutgreiing (leiing/sentraladministrasjon).
- Samhandlingsreforma – erfaringar (helse- og sosial).
- Kommunalt/fylkeskommunal eigde selskap (kommunal eigarskap).

Plan for forvaltningsrevisjon i kommunane Eid, Gloppen og Stryn er også handsama i kontrollutvala. Det ligg ved oversikt over kva prosjekt kontrollutvala i desse kommunane har prioritert i sine planar.

På grunnlag av overordna analyse skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltningsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.

Plan for forvaltingsrevisjon

Hornindal kommune

2012 -2016



Innhold:

1. Innleiing
2. Prioritering

INNLEIING

1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for kommunestyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2016 eller fram til det vert laga ein ny plan.

1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

1.4 Definisjon av forvaltingsrevisjon

Forvaltingsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmmande.

PRIORITERINGAR

2.1 Generelt

Omfanget av forvaltingsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmmande, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

2.2 Prioriterte område for forvaltingsrevisjon i perioden

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1.
- 2.
- 3.
- 4.
- 5.

Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvale ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltingsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltingsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningsliner.

2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltingsrevisjonar som er gjennomførde og om resultatane av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet enten ved å sende rapportane vidare til kommunestyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltingsrevisjon vert følgde opp.

OVERSIKT PRIORITERTE PROSJEKT I PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON I KOMMUNANE EID GLOPPEN OG STRYN

Eid kommune:

1. Drift og vedlikehold av bygningar.
2. Spesialundervisning.
3. Oppfølging av vedtak.
4. Samhandlingsreforma – erfaringar.
5. Kvalitetslosen.

Gloppen kommune:

1. Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.
2. Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunal eigedomsmasse.
3. Kommunale saksgangsrutinar.
4. IKT sikkerheit.

Stryn kommune:

1. Forvaltning, drift og vedlikehold av kommunal eigedomsmasse.
2. Kompetanse og rekruttering i grunnskulen.
3. Bekymringsmeldingar i barnevernet.
4. Samhandlingsreforma – erfaringar.
5. Forvaltningsrevisjon i selskapet Nordfjord hamn.

029/12: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - SAKSUTGREIING OG AVGJERDSMYNDE – TINGING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit SEKOM- sekretariat

Dato: 25.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.10.2012	029/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:

- Utkast til tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt "Saksutgreiing og avgjerdsmynde."

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Plan for forvaltningsrevisjon for Hornindal kommune 2012 – 2016. (Ikkje vedteken i kommunestyret).
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001
- Kontrollutvalssak 021/12 og 028/12..

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Tinginga for prosjektet "Saksutgreiing og avgjerdsmynde" vert godkjent.
2. Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT - SAKSUTGREIING OG AVGJERDSMYNDE – TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit.

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt ”Saksutgreiing og avgjerdsmynde.”

Saksopplysningar:

Kontrollutvalet gjer i sak 028/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 01.10.2012 tilråding til kommunestyret om Plan for forvaltningsrevisjon. I utgangspunktet skal tinging av forvaltningsrevisjon i kommunestyreperioden vi no er inne i vere basert på denne planen.

I kontrollutvalsmøte 06.09.2012 i sak 021/12 Forvaltningsrevisjon gjorde kontrollutvalet vedtak som innebar at forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot saksutgreiing skal vere først prioritert i planen, og at det skulle utformast tinging for eit slikt prosjekt til neste møte i kontrollutvalet.

Overordna analyse, som er grunnlag for prioritering i Plan for forvaltningsrevisjon, vart også presentert i møte 06.09.2012. I denne har revisor peika på forvaltningsrevisjon inn mot saksutgreiing som eit aktuelt prosjekt.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av oppdraget. Utkastet ligg ved. Utkastet har vore diskutert med Kommunerevisjonen i Nordfjord. Etter vedtak om tingsdokumentet i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga. Kommunerevisjonen i Nordfjord er kalla inn til møtet for å delta i diskusjonen om prosjektet.

Sjå tingsdokumentet for detaljar.

Vidare ser vi føre oss vidare sakshandsaming av forvaltningsrevisjonsprosjektet slik:

- Oversending av tinginga til Kommunerevisjonen i Nordfjord.
- Tilbakemelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå Kommunerevisjonen i Nordfjord i kontrollutvalet.
- Evt. innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaupande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaupande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå Kommunerevisjonen i Nordfjord.
- Levering av prosjekt Kommunerevisjonen i Nordfjord til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

utkast

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 STRYN

Hornindal 01.10.2012.

TINGING AV FORVALTINGSREVISJONSPROSJEKT I HORNINDAL KOMMUNE

Prosjektnamn

Vurdering av saksutgreiing og avgjerdsmynde.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Hornindal gav 01.10.2012 i sak 028/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 – Hornindal kommune tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Hornindal kommune ynskjer å få vurdert om Hornindal kommune har eit tilfredstillande system for å vurdere om saker er forsvarleg utgreidd før politisk vedtak, og vurdert om vedtak i saker vert gjort på rett nivå i organisasjonen.

Avgrensing av undersøkinga

1. halvår 2012.
Kommunestyresaker.
Formannskapssaker.
Vedtak i saker relatert til teknisk sektor gjort på administrativt nivå.

Aktuelle problemstillingar som revisor må operasjonalisere

1. Skjer sakshandsaminga i Hornindal kommune i samsvar med prinsippet om fullført sakshandsaming?
2. Er sakene som vert lagde fram for formannskapet og kommunestyret forsvarleg utgreidde?
3. Blir vedtak i saker gjort på det nivået som går fram av delegasjonsreglementet?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør

Kjeldegrunnlag

Overordna analyse
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Kommunelova.
Delegasjonsreglement for Hornindal kommune.


Rapportering

Revisor skal levere ei tilbakemelding der Problemstillingane i prosjektet er operasjonalisert og ein plan for framdrift av prosjektet snarast etter at tinginga er motteken.
Dersom planen må fråvikast, skal det snarast gjevast melding om dette.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 01. april 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 029/12. 01.10. 2012.

Are Ytre-Horn
-kontrollutvalsleiar-



Asgeir Tveit



SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

030/12 OPPFØLGINGSLISTE 4-2012 - HORNINDAL

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 25.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	01.10.2012	030/12	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2012 Hornindal.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2012 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4 -2012 HORNINDAL

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 25. september 2012.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2012 - Hornindal.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Hornindal kommune

Saker som er avslutta vil ikkje come med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
09/10 Skriv og meldingar.	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – KU ber kst gjere vedtak i sak 08-2007 frå Alarmsentralen. 13.12.10: Brev til Hornindal kommune.
12/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	25.11.10		25.11.10: Vedtak KU – 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
15/11 Orientering investeringsprosjekt	29.09.11		29.09.11 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 2041, slik at prosjektet kan bli fullfinansiert. - Kontrollutvalet tek til vitande at administrasjonen vil ta tak i prosjekt 4056, 4042, 4007 og 4005 vedrørende avtalar med grunneigarar, finansiering og gjennomføring i samsvar med aktuelt regelverk. - Kontrollutvalet vil følgje opp saka i første møtet i 2012. Sjå sakene 005/12 og 011/12
023/11 Forvaltningsrevisjonsrapport –"Vurdering av rutinar og internkontroll knytt til lønsområdet - Hornindal.	24.11	Oppfølging	24.11 Vedtak i KU: Kommunestyret ber administrasjonen gå gjennom rutinane på lønsområdet og sjå til at desse er i samsvar med tilrådingane til revisor. 25.11 Rapport sendt til kst. 03.05.12 Vedtak kst sak 138/12.
05/12 Orientering – Investeringsprosjekt.	03.02.12		03.02.12 Vedtak i KU: Prosjekt 2041 er finansiert gjennom disposisjonsfond. Kommunestyrevedtak 67/11. Prosjekt 4056, 4007 og 4005 heng saman. Gjeld parkering i sentrum. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar. Saka er ikkje prioritert, men skal krevjast inn. 4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbeta – krav om bidrag frå private ikkje fakturert. Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen vert kalla inn til neste møte den 30 mai for å gi ei ny orientering. 08.02.12 Sendt brev til Hornindal kommune Sjå sak 011/12.
11/12 Orientering investeringsprosjekt.	25.05.12		- 25.05.12 - <i>Prosjekt 4056, 4007, 4005 som gjeld parkering i sentrum vi bli prioritert av administrasjonen. Oppsittarar i sentrum skal betale for parkeringsplassar.</i> - <i>4042 Flaumskade – Otterdalselva i 1995. Flaumskaden er utbeta. Administrasjonen vil ta kontakt med den enkelte grunneigar og kalle disse inn til eit møte.</i> Vedtak KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande og kontrollutvalet vil kalle inn administrasjonen på første møtet i 2013.

15/12 Godkjenning av innkalling og sakliste	06.09.12		06.09.12: Vedtak KU - Kontrollutvalet har ikkje merknader til innkalling og sakliste.
16/12 Skriv og meldingar	06.09.12		06.09.12: Vedtak KU – Skriv og meldingar vert tekne til vitande.
17/12 Overordna analyse	06.09.12		06.09.12: Vedtak KU <ul style="list-style-type: none"> - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Hornindal kommune, datert 30.08.12 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.
18/12 Budsjett 2013 – Drift av kontrollutvalet.	06.09.12		06.09.12 – Tilråding til kst. 08.09.12 s. kst.
19/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Hornindal.	06.09.12		06.09.12 – Vedtak KU – Teken til vitande
20/12 Eventuelt	06.09.12		06.09.12 – Vedtak KU <ul style="list-style-type: none"> - Neste møte i kontrollutvalet vert 1. oktober 2012. - Det vert sett opp eiga sak om å tinge forvaltningsrevisjon. - Det vert sett opp eiga sak om orientering om praktisering av retningsliner om å gje dagmulkt - Det vert sett opp eiga sak om orientering vedr Otterdalselva.
21/12 Forvaltningsrevisjon	06.09.12		06.09.12 – Vedtak KU <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjonsprosjekt inn mot saksutgreiing i kommunen. - Det vert utforma forslag til tinging til neste møte i kontrollutvalet.
22/12 Praktisering av reglar og retningsliner for dagmulkt	06.09.12		06.09.12 Vedtak KU – <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om korleis kommunen praktiserer reglar og retningsliner om å gje dagmulkt. 07.09.12 Brev til Hornindal kommune.
23/12 Orientering vedr Otterdalselva	06.,09.12		06.09.12 Vedtak KU <ul style="list-style-type: none"> - Kontrollutvalet kallar inn rådmannen til neste møte i kontrollutvalet for å orientere om kommunal garanti ved forbygging og reparasjon av Otterdalselva – refusjon frå private. 07.09.12 Brev til Hornindal kommune.

Oppdatert 25.09.12.

031/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.09.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	01.10.2012	031/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.